



Skolelederforbundet

Høyringsinnspel – Prop. 57 L (2022-2023) Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) i utdannings- og forskningskomiteen

Skolelederforbundet takkar for moglegheita til å kunne komme med høyringssvar på forslaget til ny opplæringslov.

Skolelederforbundet er glad for at vi har fått eit lovforslag som er meir tilgjengeleg, og som er noko meir tilpassa kvardagen i opplæringssektoren. Skolelederforbundet støttar ambisjonen om klarspråk i lovverket, og er samd i at dette kan gjere lova er meir brukarvennleg og kan bidra til styrka rettstryggleik, men samstundes er det ein fare for at lova ikkje tek godt nok vare på rettstryggleiken til lærarar, leiarar og andre tilsette innan opplæring og oppvekst.

Skolelederforbundet er spesielt glad for eit lovforslag som:

- Setter eleven i sentrum både når det gjeld deltaking, oppfølging og overgangar mellom nivå
- Gjev alle moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring, også vaksne
- Styrkar yrkesfaga

Skolelederforbundet er glad for at lova legg sterkare vekt på det profesjonelle skjønnet, og helsar velkommen lovforslaga som er i samsvar med tillitsreforma og fullføringsreforma. Kapittel 10 i lovforslaget harmonerer også godt med arbeidet til skolen når det gjeld det forskriftsfesta overordna temaet demokrati og medborgarskap.

Samstundes er lova i stor grad framleis prega av detaljert regelstyring. Skolelederforbundet ønsker seg ein skolekvardag der skoleiegarar og leiarar får moglegheita til å ta ansvar, til å delegere avgjerder og til å kunne leie gjennom andre. Det er viktig i ein tillitsreform og viktig for ein leiar.

Overordna, vil Skolelederforbundet peike på at kompetente og motiverte leiarar er ein sentral føresetnad for å sikre god danning og utdanning for barn og unge i skolar og barnehagar. Vi må derfor ha tydelege grenseoppgangar mellom oppgåvene til skole- og barnehageleiarane og skole- og barnehageeigarane. Leiarane treng meir merkantil og administrativ støtte, og ressursar til å styrke laget rundt barn og unge. PROBA sin forskning om etterleving av opplæringslova frå februar 2023, seier mellom anna noko om dette. Det er av stor betydning at dei viktigaste leiarane i landet blir satt pris på!

Skolelederforbundet er også svært opptatt av rektorar og andre leiarar i oppvekst og utdanning skal vere leiarar av profesjonsfellesskapet. Skal dette fungere i praksis, må:

- Ein rektor berre vere rektor på ei skole, ikkje fleire, slik lovforslaget opnar for.
- Det lokale handlingsrommet aukast når det gjeld større fleksibilitet i fag- og timefordelinga, for å ivareta alt som er forskriftsfesta i læreplanverket og i overordna del. Dette bør gjelde både for grunnskole og vidaregåande skole.
- Opplæringslova ikkje vere eit hinder for å rekruttere yrkesfaglærarar.
- Lova vere klårare når det gjeld krav til god kompetanse, kapasitet og administrative støttefunksjonar hjå skoleeigar. Dette har jf rapporten til PROBA vist seg å vere ein akilleshæl når det gjeld etterleving av den gjeldande opplæringslova.



- Det vere eit tydeleg rom for at også leiarar får høve til å utvikle seg fagleg og pedagogisk, sånn at leiarane kan leie og utvikle elevane sitt skolemiljø og læringsarbeid. Dette er avgjerande for å styrke profesjonsfellesskapet og for å utvikle ein god organisasjonskultur ved skolen.

Skolelederforbundet har nokre få forslag til endringar i loven. Det første gjeld § 1-6 *Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur*. Her foreslår vi at andre ledd endrast til:

Kommunen og fylkeskommune kan gi forskrift om at opp til ti prosent av timane i kvart fag kan flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Verda er ikkje delt inn i fag. Ei rigid tilnærming til fag- og timefordelinga, vil være eit hinder for å realisere den overordna delen – verdier og prinsipp for opplæringa. Vi treng tilstrekkeleg fleksibilitet i organisering av opplæringa for å kunne lukkast med samfunnsoppdraget i heile skoleløpet frå 1 til 13. trinn.

Skolelederforbundet meiner og at ein bør gå inn i nokre av kapitla å sjå på rekkefølga til paragrafane, mellom anna i kapittel 11, slik at det blir ei meir logisk oppbygging.

Vi har forstått det slik at det blir ein ny runde i samband med vald, trugsmål og rettstryggleiken til dei som arbeider i skolen, og vil komme attende til dette området ved eit seinare høve. Det same gjeld kapittel 17 om personalet i skolen. Her vil vi likevel peike på at rapporten til PROBA om etterleving av opplæringslova trekker fram ressursar, kapasitet og kompetanse hjå skoleeigar og skoleleiarar, som dei viktigaste hindringane for etterleving av lova. Vi er derfor undrande til at kompetansekrava er svekka og at kompetansekrava til skoleeigarnivå framleis er uklårt.

Skolelederforbundet takkar også for at vi på mange områder er høyrd, og vi ser av drøftingane i proposisjonen at våre standpunkt og erfaringar er teke med i vurderingane, sjølv om ikkje alt er teke til følgje i lovforslaget.

Utdanningsdirektoratet samanfattar rolla til opplæringslova slik:

«Opplæringsloven skal være et solid rammeverk som sikrer alle en opplæring av høy kvalitet, et trygt læringsmiljø, og medvirkning i forhold som angår en selv.»

Det er viktig å hugse på at opplæringslova ikkje berre handlar om regelstyring og kva den einskilde har rett til. Opplæringslova er eit viktig pedagogisk verkemiddel i samfunnsoppdraget til skolen. Dersom vi i skolen skal kunne lukkast med samfunnsoppdraget vårt, må vi ha eit lovverk som legger rammer for og støtter oss i dette arbeidet. Vi må dessutan ha eit lovverk det er mogleg å etterleve, og ikkje eit lovverk som alle kommunar og fylkeskommunar nå bryt, jf PROBA sin rapport. Dette skjer fordi krav, rettar og detaljstyring er på eit slikt nivå at det ikkje er praktisk mogleg å etterleve lova i praksis.

Skolen treng klare rammar, men vi som arbeider i skolen treng tillit og handlingsrom. Vi treng eit lovverk som støttar oss i realiseringa av læreplanen, og ikkje er til hinder. Vi treng eit lovverk som hjelper elevane og skolen i det store danningprosjektet, slik at barn og unge blir rusta til å delta i samfunnet. Vi treng ei lov som i praksis legg til rette for at barn, ungdom og vaksne får god opplæring i eit godt miljø.

Stig Johannessen

Forbundsleder i Skolelederforbundet